



SGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2017

## Kontrollutvalet



## **Innhald**

1	Innleiing .....	4
2	Samansetting av kontrollutvalet .....	4
2.1	Kontrollutvalet 2015 – 2019 .....	4
3	Kontrollutvalet sitt formål .....	5
4	Budsjett og rekneskap .....	5
5	Revisjon av fylkeskommunen .....	5
6	Sekretariat for kontrollutvalet .....	6
7	Kontrollutvalet si verksemd 2017 .....	6
7.1	Møteverksemد .....	6
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet .....	6
7.3	Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2017 .....	7
7.3.1	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2017 .....	7
7.3.2	Plan for forvaltningsrevisjon .....	7
7.3.3	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2016 .....	7
7.3.4	Kontrollutvalet si rolle i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar .....	7
7.3.5	Selskapskontroll .....	7
7.3.6	Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt .....	8
7.3.7	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt .....	10
7.3.8	Kontrollutvalet - Budsjett 2017/Økonomiplan 2018 – 2021 .....	11
7.3.9	Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 til desisjon .....	11
7.3.10	Revisorbrev 04/2017 .....	11
7.3.11	Vurdering av uavhengigheit .....	12
7.3.12	Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - val av revisjonsordning .....	12
7.3.13	Oppfølging av utvalet sitt arbeid .....	12
8	Andre forhold .....	13
9	Oppsummering .....	13

# 1 Innleiing

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver.

Kontrollutvalet har i 2017 fortsatt hatt fokus på det gode samarbeidet med våre nabofylke sine kontrollutval. Opplæring har vore sentralt dette året.

Medlemmane i utvalet deltok på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

## 2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med fylkeskommunen, og vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

### 2.1 Kontrollutvalet 2015 – 2019

For perioden 2015 – 2019 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Frank Willy Djuvik (Frp)*
Nestleiar:	Odd Atle Stegegjerdet (Ap)*
Medlemmar:	Karoline Aldis Bjerkeset (Sp)
	Lise-May Sæle (H)
	Klaus Iversen (V)

\*medlem i fylkestinget

Varamedlemer:

1. vara: Frode Bøthun (Krf)
2. vara: Solfrid Fossberg (Liv B. Stave fram til 17.oktober 2017) (H)
3. vara: Eli Hansen Moen (Ap)
4. vara: Anne Britt Øen Nygård (Sp)
5. vara: Kåre Jarl Langeland (V)
6. vara: Carlo Aall (Mdg)
7. vara: Ole Erik Thingnes (SV)

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

## **3 Kontrollutvalet sitt formål**

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal stå fram som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

## **4 Budsjett og rekneskap**

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2017 var på 4,529 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2017 viser eit forbruk på 4,421 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,108 mill. kroner.

Mindreforbruket skriv seg hovudsakleg frå lågare deltaking på dei forskjellege konferansar og opplæringsaktivitetane det var lagt til rette for dette året, i tillegg til noko forfall til utvalet sine møte.

## **5 Revisjon av fylkeskommunen**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Finansiell revisjon og selskapskontroll vert utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Kontrollutvalet gjennomførde ein anbodskonkurranse for å få på plass ny rammeavtale for kjøp av forvaltningsrevisjon i 2016. Dette resulterte i at fylkestinget 6.12.2016 i FT-sak 44/16 vedtok å inngå ny rammeavtale med Deloitte AS frå 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for fylkeskommunen til å forlenge avtalen i ytterligare to år.

## **6 Sekretariat for kontrollutvalet**

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillende sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2017, som dei føregåande åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet. Organiseringa sikrar i tillegg uavhengigheit til selskapa som reviderer fylkeskommunen.

## **7 Kontrollutvalet si verksemd 2017**

### **7.1 Møteverksemd**

Kontrollutvalet gjennomførde 9 møte i 2017. Møtet 8. mai vart gjennomført i Bergen som fellesmøte mellom kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane. Fem av møta vart avvikla på fylkeshuset. Kontrollutvalet handsama 59 saker i 2017.

Medlemmane i utvalet, fylkesordførar og fylkesrådmann får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Revisorane får tilsendt innkalling via e-post. Sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unntake offentleg innsyn.

Leiar og nestleiar er fylkestingsmedlemmar. Kontrollutvalsmedlemmane som ikkje er medlemmar i fylkestinget stiller heller ikkje på fylkestinget i perioden 2015 - 2019. Dette følgjer av fylkestinget sitt vedtak i sak 39/14.

### **7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet**

Kontrollutvalet fremja åtte saker til handsaming i fylkestinget i 2017:

- Årsmelding 2016 – Kontrollutvalet (FT-sak 4/2017)
- Forvaltningsrevisjon – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune – rapport (FT-sak 10/17)
- Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 (FT-sak 14/2017)
- Forvaltningsrevisjon – Arkiv og offentlegheit – rapport (FT-sak 15/2017)
- Val av revisor for fellesnemnd i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune (FT-sak 40/2017)
- Selskapskontroll 2017 – Overordna eigarstyring - rapport (FT-sak 42/2017)
- Forvaltningsrevisjon – Nasjonal digital læringsarena – rapport NDLA II (FT-sak 43/2017)
- Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - Val av revisjonsordning (FT-sak 44/2017)

## 7.3 Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2017

### 7.3.1 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2017

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart handsama og vedteke på kontrollutvalsmøte 7. februar i KU-sak 7/17. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS i etterkant av møtet.

### 7.3.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 vart vedteken av fylkestinget i FT-sak 41/16.

Kontrollutvalet handsama bestilling av ei evaluering av planen, og vedtok å bestille ein prosjektplan frå Deloitte AS for ei felles evaluering av planane for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sett i lys av dei komande prosessane for samanslåing av dei to fylkeskommunane.

### 7.3.3 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2016

Kontrollutvalet ga i KU-sak 26/17 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2016 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS.

### 7.3.4 Kontrollutvalet si rolle i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Dei to kontrollutvala møttest 8. mai 2017 for å diskutere kontrollutvala si rolle i samband med samanslåinga av dei to fylkeskommunane. Dette er skildra i KU-sak 20/17. Det vart ikkje gjort vedtak i saka, men det vart sett opp nokre milepælar for det vidare arbeidet om mellom anna val av revisor til revisjon av fellesnemnda, innsynsrett, planar for forvaltningsrevisjon (FR) og selskapskontroll (SK) og val av revisjonsordning. Det vart avtalt eit nytt møte mellom dei kontrollutvala 21. november 2017, der ein mellom anna skal diskutere prosess for val av revisjonsordning for den nye regionen, plan for FR og SK og val av sekretariatsordning.

Dei to kontrollutala møttest 21. november til eit arbeidsmøte nr. 2. Kontrollutvala prioriterer val av revisjonsordning og val av sekretariatsordning høgast i det framtidige arbeidet.

Sekretariatet i begge fylkeskommunane fekk i oppdrag å legge fram ei sak om val av revisjonsordning til kontrollutvalet til møtet i februar. Kontrollutvalsleiarane fekk i oppdrag å utarbeide saksgrunnlag for sak om val av sekretariatsordning. Begge kontrollutvala vil handsame sak om felles evaluering av plan for FR. .

### 7.3.5 Selskapskontroll

#### 7.3.5.1 Selskapskontroll 2017

Kontrollutvalet vedtok 30. mai i KU-sak 25/17 å bestille selskapskontroll av den overordna eigarstyringa til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vart utarbeidd tre problemstillingar for å få gjennomført kontrollen:

1. I kva grad har fylkeskommunen etablert ein overordna eigarstyring som er i samsvar med lover, reglar og fylkestinget sine forventningar?
2. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?
3. Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Revisor konkludert med at fylkeskommunen har

- etablert ei overordna eigarstyring som er i samsvar med lover og reglar
- utarbeidd klare rammer og formål for sine eigarstrategiar i selskapa ein er medeigar i og
- at eigarinteressene vert utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar.

Rapporten etter gjennomført selskapskontroll vart teken til vitande av fylkestinget 5. desember etter tilråding frå kontrollutvalet.

### **7.3.5.2 Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1 – oppfølging av vedtak i FT-sak 29/16**

Kontrollutvalet vart kalla inn til telefonmøte 27.4.2016 for å drøfte eigaroppfølginga av Fjord1 AS i samband med eventuell utbetaling av utbyte frå selskapet. Utvalet vedtok i møtet å undersøke om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 AS er i samsvar med lover, regler og fylkeskommunen sine eigne føringar for eigarutøving.

Sekretariatet for kontrollutvalet i tillegg til SF revisjon fekk i oppdrag å førebu ei sak for kontrollutvalet i framkant av fylkestinget i juni. Det vart utarbeidd eit notat som vart lagt fram for kontrollutvalet til handsaming 6.6.2016. Kontrollutvalet sendte saka til fylkestinget med ei tilråding i fem punkt. Tilrådinga vart seinare vedteken av fylkestinget i FT-sak 29/16, der fylkestinget mellom anna ba fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren skulle veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS, fylkestinget ba fylkesrådmannen utgreie konkrete retningsliner for eigarutøving mellom generalforsamlingar og til slutt ba fylkestinget fylkesrådmannen om legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar og vurdering av rutinar for handsaming av dokument og informasjon som er unntake offentleg.

Kontrollutvalet ba om status på oppfølginga i ein e-post til fylkesrådmannen datert 5.1.2017. I svaret frå fylkesrådmannen same dag går det fram at status var rapportert til fylkesutvalet 5.12.2016. Fylkesrådmannen skriv i notatet at punkt 2 og 3 i vedtaket er følgt opp tidlegare gjennom FU-sak 86/16 og FT-sak 33/16 (Eigarmeldinga). Kontrollutvalet handsama notatet frå fylkesrådmannen 7. februar 2017 i KU-sak 3/17 der utvalet konkluderte med at oppfølginga av vedtaket i FT-sak 29/16 var ferdig. Utvalet avslutta med det eigarskapskontrollen.

### **7.3.5.3 Selskapskontroll VIGO**

Kontrollutvalet mottok førespørsjing om deltaking i selskapskontroll av VIGO, som er eigd av fylkeskommunane i landet. Utvalet vedtok 30. mai i KU-sak 28/17 å delta i denne felles selskapskontrollen med inntil 50 revisjonstimar, etter å ha diskutert saka med SF revisjon IKS.

## **7.3.6 Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt**

### **7.3.6.1 Forvaltningsrevisjon – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune - rapport**

Bestilling vart sendt revisor 11. februar. Prosjektplan vart handsama av kontrollutvælt 3. mars i KU-sak 13/16. Prosjektet skulle vore ferdigstilt hausten 2016, men vart forseinka. Rapport vart motteken 19. april 2017. Saka vart sendt ut samtidig til kontrollutvalet og fylkestinget, då kontrollutvalet ville handsame saka same dag som fylkestinget fekk den til handsaming. Revisor kom med tilråding om setje i gang fire tiltak for å forbetra kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. Fylkestinget gjorde 26. april følgjande vedtak i FT-sak 10/17:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.
  - b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
  - c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017.

Kontrollutvalet mottok rapport om oppfølging 29. januar 2018.

#### **7.3.6.2 Forvaltningsrevisjon - Nasjonal digital læringsarena - NDLA**

Kontrollutvalet fekk førespørsjing frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om å vere med å dekke kostnadane ved forvaltningsrevisjon av NDLA, eit selskap som er eigd av alle fylkeskommunane i landet unntatt Oslo. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 22/16 ei løyving på kr. 25 000 til denne forvaltningsrevisjonen. Rapport er venta våren 2017. Rapporten NDLA II, som er ein oppfølging av den første forvaltningsrevisjonen av NDLA, kom mai 2017.

Rapporten vart handsama av kontrollutvalet i Hordaland fk 12. september 2017. Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke av fylkestinget i Hordaland i sak PS 73/2017.

Undersøkingane som var gjort avdekkja mellom anna svakheiter og manglar knytt til rutinar for kontroll av opplysningar om innhald i fakturaer som var betalt. Revisor utarbeidde 7 tilrådingar på bakgrunn av dei funn som var gjort i samband med forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane rådde fylkestinget til å slutte seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland i sak PS 73/2017. I tillegg kom kontrollutvalet med tilråding om at eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune skal sjå til at vedtaket frå fylkestinget i Hordaland vert iverksett. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 5. desember samrøystes kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 43/17.

#### **7.3.6.3 Forvaltningsrevisjon - Arkiv og offentlegheit**

Kontrollutvalet vedtok å bestille denne forvaltningsrevisjonen 22. november i KU-sak 57/16. Utvalet handsama og godkjende prosjektplanen i same sak. Kontrollutvalet mottok rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon 19. mai 2017. Revisor gjorde fleire funn i arbeidet med prosjektet og vurderte mellom anna arkivplanen til fylkeskommunen til ikkje å oppfylle krava etter regelverket. Revisor kom med 10 tilrådingar i sin rapport. Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet der mellom annan fylkesrådmannen vart bedt om å ferdigstille arkivplan, rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017. I tillegg inneholdt tilrådinga eit punkt om opplæring av tilsette og politikarar om punkta nemnt over. Fylkestinget vedtok også dette punktet i FT-sak 15/17.

#### **7.3.6.4 Forvaltningsrevisjon - Innkjøp**

Kontrollutvalet vedtok å bestille denne forvaltningsrevisjonen 7. februar i KU-sak 4/17. Bakgrunnen for dette prosjektet var plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020, der innkjøp var sett opp som prosjekt nr. 3. I tillegg vedtok fylkestinget i FT-sak 43/17 å be kontrollutvalet om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter var sentrale emne. Prosjektet skulle ferdigstillast 8. september 2017, men vart forseinka. Kontrollutvalet mottok rapport 27. november.

Kontrollutvalet vedtok 13. desember i KU-sak 56/17 å utsette saka til neste møte i kontrollutvalet.

### **7.3.6.5 Forvaltningsrevisjon – Musea i Sogn og Fjordane**

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av musea 28. mars i KU-sak 14/17. Prosjektet var planlagt ferdigstilt 3. november, men vart forseinka. Rapport er mottatt 27. februar 2018.

### **7.3.6.6 Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule**

Kontrollutvalet vedtok å bestille dette prosjektet 26. september i KU-sak 40/17. Prosjektet er planlagt ferdigstilt 23. mai 2018.

### **7.3.6.7 Forvaltningsrevisjon – Reiseliv**

Dette prosjektet vedtok kontrollutvalet å bestille 13. desember i KU-sak 58/17. Prosjektet er planlagt ferdigstilt 3. september 2018.

## **7.3.7 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Ein del av oppfølgingspunktta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellelege prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

I 2017 handsama kontrollutvalet oppfølging av 4 tidlegare gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### **7.3.7.1 Forvaltningsrevisjon – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14**

Kontrollutvalet mottok oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen 10. februar 2015. Mange av tilrådingane var oppfølgde, men det stod noko igjen. Fylkesrådmannen ba i notatet om ny frist til utgangen av 2015 for ein del av tilrådingane. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 14/15 å be om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016

Kontrollutvalet mottok ny rapport 19. januar 2016 frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen ber om tid fram til 31.12.2016 med å utarbeide ei oppdatert ROS-analyse og til å få på plass oversikt over kai-anlegg i fylket. Fylkesrådmannen skriv i notatet at omorganiseringa av sentraladministrasjonen er førande for vidare framdrift i arbeidet med ROS-analysen. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 15/16 ei utsetting av fristen til 31.12.2016.

Utalet mottok nytt notat 18. januar 2017 med oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14. Kontrollutvalet handsama notatet 7. februar i KU-sak 2/2017 og vedtok på bakgrunn av det arbeidet som no var gjort med bl.a gjennomføring ROS-analyser og utarbeiding av ny beredskapsplan for sentraladministrasjonen at vedtaket i FT-sak 7/14 er ferdig oppfølgt.

### **7.3.7.2 Forvaltningsrevisjon – Fylkesarkivet – oppfølging av vedtak**

Kontrollutvalet mottok rapport 23.desember 2015 med oppfølging av vedtaket i FT-sak 3/15. Ein del av tilrådingane var oppfølgde. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 7/16 å be om rapport etter at dei øvrige tilrådingane var ferdig oppfølgde. Kontrollutvalet mottok notat 17. november 2016 med oppfølging av risikovurderingar og vedtektsarbeid. Notatet vart

handsama i kontrollutvalet 7. februar 2017 i KU-sak 5/17. Utvalet ber i vedtaket fylkesrådmannen orientere kontrollutvalet v/sekretariatet om status på vedtektsarbeidet etter styringsgruppemøtet for kommunearkivordninga 1. mars. Fylkesarkivsjefen orienterte kontrollutvalssekretariatet etter det nemnde møtet, der det vart vedteke å leggje fram dei gjennomgått vedtekene for fylkeskommunen sin jurist før utsending til kommunane. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 13/17 at vedtaket i FT-sak 3/15 var ferdig oppfølgt.

### **7.3.7.3 Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg**

Bestilling av prosjektet vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 32/15. Utvalet handssama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon 31. mai i KU-sak 31/16. Fylkestinget handsama rapporten 14. juni, og vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 12/16. Fylkesrådmannen vart bedt om å rapportere status på oppfølginga innan 31. desember 2016. Kontrollutvalet mottok 19. januar 2017 notat med status for oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet. Kontrollutvalet vurderte pkt. 2 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt. Kontrollutvalet ba fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten slik fylkestinget ba om i pkt. 3 i vedtaket i FT-sak 12/16. Utvalet mottok nytt notat få fylkesrådmannen 25. oktober med oppfølging av dei to siste anbefalingane. Kontrollutvalet handsama notatet 21. november i KU-sak 46/17 og vurderte no vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt.

### **7.3.7.4 Forvaltningsrevisjon – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak**

Kontrollutvalet mottok brev frå fylkesrådmannen 4. januar 2016 med oppfølging av vedtaket i FT-sak 13/2015. Kontrollutvalet vurderte ein del av tilrådingane til å vere ferdig oppfølgt i vedtaket i KU-sak 5/16. Utvalet ba fylkesrådmannen om ny rapport når dei resterande tilrådingane, 1a – 1f, vert ferdig oppfølgt - seinast 30. juni 2017.

Kontrollutvalet mottok brev frå fylkesrådmannen 13. september 2017 med oppfølging av dei tilrådingane som stod att. Kontrollutvalet vurderte etter denne rapporten vedtaket i FT-sak 13/15 som ferdig oppfølgt. Utvalet handsama brevet i KU-sak 39/17.

### **7.3.8 Kontrollutvalet - Budsjett 2017/Økonomiplan 2018 – 2021**

Kontrollutvalet behandla i KU-sak 31/17 budsjett for 410 Kontrollutval, som består av kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstjenester. Framlegget til budsjett og økonomiplan vart sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

### **7.3.9 Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 til desisjon**

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 23/17 tilråding til fylkestinget om å ta rapporten etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 til etterretning. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 14/17.

### **7.3.10 Revisorbrev 04/2017**

Ny rutine inneber at det frå 2014 skal vere fortløpande nummerering av revisorbreva.

Kontrollutvalet mottok 21. august 2017 revisorbrev 04 - 2017. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 32/17 å ta revisorbrevet til etterretning. I tillegg vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant å få på plass tilfredsstillande rutinar som sikrar at renter avsett/tilført på dei bundne fonda vert gjort i samsvar med regelverket, sikrar rutinane for avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar og ferdigstille arbeidet med å få på plass eit

anleggsregister. Utvalet ba fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. november 2017 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet mottok kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS 30. oktober med oppfølging av revisorbrevet. Fylkesrådmannen gjev i brevet ein status på tiltak for å følgje opp tilrådingar i revisorbrevet, og skriv mellom anna at ei omlegging av anleggsregister i samsvar med revisor sitt forslag vil gje eit svært omfattande register over tid.

Fylkesrådmannen vil gå i dialog med revisor for å finne ei løysing. Fylkesrådmannen skriv også at ein vil arbeide med å følgje retningslinene knytt til disposisjonsfond og ubundne investeringsfond. Revisor peikar, i sin uttale til fylkesrådmannen si oppfølging, spesielt på fylkeskommunen sine manglar når det gjeld dokumentasjon av balansepostane ved årets slutt samt krav om ekstern dokumentasjon av langsiktig gjeld. Revisor vil følgje opp dei manglar som er tekne opp i revisorbrev 04 - 2017 løypande både i interims- og årsoppgjersrevisjonen 2017. Kontrollutvalet handsama brevet frå fylkesrådmannen i KU-sak 47/17. Utvalet vedtok å ta brevet til vitande, og i tillegg at oppfølginga av revisorbrev 04 - 2017 er fullført.

### **7.3.11 Vurdering av uavhengigheit**

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS og Deloitte AS i sakene 49/17 og 50/17. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til vitande.

### **7.3.12 Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - val av revisjonsordning**

Dei tre kommunale revisjonselskapa KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS har utarbeidd ein rapport om samanslåing av dei tre selskapa. Dette er i utgangspunktet ei eigarskapssak, som vert sakshandsama og lagt fram av fylkesrådmannen når det gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune som mediegar i SF revisjon IKS.

Kontrollutvalet har handsama saka ut frå at det er kontrollutvalet som er rett kompetanse til å utarbeide tilråding til fylkestinget om val av revisjonsordning og val av revisor.

Kontrollutvalet vedtok 21. november 2017 i KU-sak 45/17 å rá fylkestinget til å gå inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med etterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS..

### **7.3.13 Oppfølging av utvalet sitt arbeid**

Kontrollutvalet har ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågående arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Utvalet handsamar også ei sak om status på gjennomførde forvaltningsrevisjonar i løpet av året (KU-sak 16/17).

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

Utvalet vedtok i KU-sak 15/17 eiga årsmelding for 2016 og sendte den til fylkestinget som orienteringssak.

## **8 Andre forhold**

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. I tillegg vedtek utvalet årsplan for eige utval og gje vedtak om disponering av eige budsjett. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Kontrollutvalet vedtok prosess for lukking av møte i KU-sak 35/2017. Utvalet vedtok at prosessen skal leggjast ved kontrollutvalet sitt reglement som vedlegg ved neste endring av reglementet.

Utvalet vedtok ny prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt i KU-sak 38/17. Endringa frå tidlegare er at gjennomføringstida er auka med 3 veker, noko ein håper vil redusere faren for forseinkingar i forvaltningsrevisjonsprosjekta.

SF revisjon orienterte kontrollutvalet om revisjonsplan for revisjon av 2017-rekneskapen 26. september 2017. Utvalet tok orienteringa til vitande i KU-sak 41/17.

## **9 Oppsummering**

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ei nyttig aktør for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemnd.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leiing for samarbeidet i 2017.

**Leikanger 22. mai 2018**

Frank Willy Djuvik, leiar (s)

Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar (s)

Karoline Aldis Bjerkeset (s)

Klaus Iversen (s)

Lise-May Sæle (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto framside: Sigrun Espe